



## Informasjonshefte

Barnehagane i Bygland  
Vedlegg til årsplan 2024 - 2025



# Innhold

## Informasjonshefte

- Presentasjon av barnehagen
- Nyttig å vite ved barnehagestart
- Satsingsområde 2024/2025
- Mat og matglede
- Samarbeid barnehage – heim
- Foreldrebetaling
- Vedtekter for barnehagane i Bygland kommune
- Fagområda i Rammeplanen
- Bravo
- Gorrlaus
- Visma flyt Barnehage
- Barnehagen sin digitale praksis
- Handlingsplan for eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø
- Foreldreråd/samarbeidsutval
- Psykososialt ressursteam
- Pedagogisk dokumentasjon og praksis
- Verktøy i arbeidet med planlegging, vurdering og dokumentasjon
- Foreldreundersøking
- Når bør barnehagebarn vere heime?
- Plan for overgang barnehage-skule.



## Til lesaren

Barnehagane lagar ein årsplan kvart år og den skal spegle det pedagogiske innhaldet, våre tankar, refleksjonar og planar for barna og for personalet komande barnehageår. Heftet du har i handa er eit informasjonsskriv og vedlegg til årsplanen for 2024 – 2025, med informasjon om alt frå opningstider til Bravoleiken og samarbeid barnehage – skule.

## Presentasjon

Bygland kommune har to barnehagar. Sigrid Greibrokk er styrar i Bygland barnehage. Siw Homme er styrar i Byglandsfjord barnehage. I Bygland barnehage vert det 24 barn frå hausten 2024, og vi vil ha to avdelingar; *Storestog* og *Lislestog*. SFO held til i eigne rom i barnehagen, og vi er ein del i lag ute og inne.

I Byglandsfjord barnehage vert det 18 barn hausten 2024, og vi har to avdelingar; *Frosk* og *Rumpetroll*. I løpet av barnehageåret kan det kome fleire barn i begge barnehagane..

Bygland kommune sine verdiar er: stolt, framsynt, løysingsorientert, truverdig og lojal. Dette er verdiar dykk som foreldre skal sjå att i barnehagen sin kvardag.



Byglandsfjord barnehage



Bygland barnehage

Byglandsfjord barnehage: Siw Homme: [Siw.Homme@bygland.kommune.no](mailto:Siw.Homme@bygland.kommune.no)

Bygland barnehage: Sigrid Greibrokk: [Sigrid.Greibrokk@bygland.kommune.no](mailto:Sigrid.Greibrokk@bygland.kommune.no)



# Nyttig å vite ved barnehagestart



## OPNINGSTID

Barnehagen har **opningstid 07.15-16.30** kvar dag.

Julaftan: 7.15-12

Nyttårsaftan: 7.15-12

Onsdag før skjærtorsdag: 7.15-12

Barnehagane og SFO har stengt 3 veker om sommaren.

Vi sender ut melding i VismaFlyt Barnehage-appen eller heng opp ein lapp i barnehagen før feriar og høgtider med spørsmål om dei kjem eller ikkje. Slik får vi ein oversikt over kor mange barn som kjem, dette grunna mat/mjølkebestillingar og personalet sin ferie/avspasering.

## DAGSRYTME

kl. 07.15	barnehagen opnar frukost, niste ulike aktivitetar på kvar avdeling, ute, inne eller på tur lunsj sovetid for dei minste. Uteleik og aktivitetar for resten. personalet avviklar pausar, avdelingsmøter for kvar avdeling ei gong i veka ettermiddagsmåltid leik ute eller inne
kl. 16.30	barnehagen stenger

Vi ynskjer at barna vanlegvis skal vere i barnehagen før klokka 9.30 av omsyn til turar, samlingar og anna. Det visar seg også at det kan vere lettare for barna å kome inn i leik om dei ikkje kjem altfor seint. Dei andre klokkesletta kan variere noko frå dag til dag, og kvar barnehage har ulike tider for til dømes frukost og lunsj. Meir detaljert dagsrytme kjem ut frå kvar barnehage ved oppstart av nytt barnehageår.

Barnehagen har 5 planleggings dagar i løpet av barnehageåret.

### **Planleggingsdagar barnehageåret 2024/2025:**

**Måndag 12.august, tysdag 13.august, fredag 18.oktober, fredag 2.mai og fredag 30.mai**

Barnehageåret 2024/2025 har barnehage og SFO **sommarstengt veke 29-30-31**



Vi ser på den **daglege kontakten** med de foreldre som ein viktig del av foreldresamarbeidet, og vi ynskjer at de følger barna inn på avdelinga/kjøkkenet. De må ikkje reise utan å ha vore i kontakt med oss først. Vi prøver å møte i garderoben om det er mogleg, men sit det til dømes barn og et frukost kan det vere vanskeleg å gå i frå.

Vi vil gjerne ha beskjed om det er andre enn føresette som skal hente.

Vi brukar tenesten **VismaFlyt barnehage** til meldingar, beskjedar og dagbok mellom barnehage og heim. Er det nokre av foreldra som ikkje vil bruke VismaFlyt barnehage, må den det gjeld gje barnehagen beskjed om det.

Vi er **nesten ein nistefri barnehage**. Skal barna ete frukost må dei ha med seg det, elles serverer vi lunsj og ettermiddagsmat i barnehagen. Til lunsj er det grovbrød med ulikt pålegg eller varmt måltid med mykje grønnsaker. Ettermiddagsmaten varierer mellom knekkebrød, yoghurt, gryn/mjølke og frukt.

Hugs å **merke alt tøy** med namn. Ha med ekstratøy i sekken eller som kan ligge i barnehagen.

Ekstratøy = sokkar, truse, bukse, t-skjorte, genser.

Regntøy og støvlar bør alltid vere med i barnehagen, det kan henge her eller de tar det med kvar dag. Vi er ute i all slags vær, ofte på tur og vi likar godt vatn!

Vi har **gode samarbeidspartnarar**.

Vi har eit godt samarbeid mellom barnehagane i Bygland og med dei andre barnehagane i Setesdal. Barnehagane har og eit godt samarbeid med skulane.

I kommunen har vi eit tverretatleg resurs-team der styrar og/eller rektor deltek på møte. Der vert det drøfta saker på overordna plan og systemnivå, med oppvekstvilkåra i Bygland kommune i fokus.

Elles har vi samarbeid med PPT Setesdal, helsesjukepleiar, barnevern og NAV ved behov.

**Satsingsområdet** og visjonen for barnehageåret 2024/2025 vert leike – lære – erfare!

Det er fokus på leik i barnehagane i Bygland. Alle barn skal få kjenne tryggleik og trivsel gjennom leik og læring, saman med andre barn og saman med vaksne, ute og inne.

Gjennom leikande og nysgjerrige barn og vaksne kan ein til dømes erfare språk, venskap, medverknad og forståinga av å vere ein del av fellesskapet.

Kvar avdeling har avdelingsmøte ei gong i veka, 1 time.

Dei pedagogiske leiarane har og møte ei gong i veka, 1 time

Heile personalet har personalmøte på 2 timar, ei gong i månaden, her er begge barnehagane i saman eller kvar for oss, avhengig av tema.

På møta vert planar, evaluering og tema drøfta. Vi har og lokal kompetanseheving her.



# Satsingsområde for barnehagane i Bygland

## Tidleg innsats og førebygging – førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar

### Mål:

- Felles kunnskapsgrunnlag i arbeid med tidleg innsats og førebygging av risiko under oppvekst, utanforskap og alvorlege åtferdsvanskar
- Styrke oppdagar- og handlingskompetansen hos alle tilsette i barnehagen slik at utsette barn og unge blir oppdage tidleg og får tilpassa hjelp og oppfølging
- Barnehagar, PP-tenesten og andre i laget rundt barnet jobbar saman for å skape eit inkluderande fellesskap
- Delemne:
  - Førebygging utvikling av åtferdsvanskar
  - Risiko og beskyttelsesfaktorar
  - Barn som pårørande
  - Kompetanse om omsorgssvikt, barn som bekymrer og barn i risiko
  - Barns psykiske helse
  - Tidleg oppdaging og innsats for førebygging utvikling av skulevegring/skulefråver

**Målgruppe:** Alle tilsette som arbeider med barn i barnehagane

**Korleis:** REKOMP – Regional ordning for kompetanseheving i barnehage, eit samarbeid over to år, frå 2023-2025. Vi samarbeider med UiA og Lisbeth L. Skreland og Anne Karin Vikstøl Olsen (førelesarar). Det er eit samarbeid over to år, frå 2023-2025, der vi har førelesingar og arbeider med tema saman med Åseral og Evje & Hornnes

## Mat og matglede

Mat og matglede er og ei satsing i barnehagane i Bygland. Vi har som mål å skape matglede og vere med å påverke til sunne mat – og måltidsvanar.

Frå januar – juli i 2024 har vi vore med i forskningsprosjektet **Matnyttig** i regi av UiA. Vi held fram nokre månader hausten 2024. Hovudmålet til **Matnyttig** er å betre kosthald og ernæringspraksis dei første 1000 dagane i livet. Mykje av det vi lærte og erfarte tar vi med oss vidare i praksis. Om de vil lese meir om matnyttig, sjå [Intro-film Matnyttig](#) og [Matnyttig, foreldredel](#). Her finn de tips og råd om måltid og kosthald



# Samarbeid heim – barnehage

« Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem»

Barnehageloven §1

For at barnet ditt skal ha eit meningsfylt og trygt opphald i barnehagen er det naudsynt at føresette og tilsette har eit godt samarbeid. Eit godt samarbeid er tufta på gjensidig respekt og interesse frå begge partar. Foreldre har forventningar til barnehagen, men vi har og forventningar til dykk.

## FRÅ BARNEHAGEN SI SIDE KAN DU FORVENTE:

- \* At vi skal ta imot deg og barnet ditt med høfleg framferd, respekt og interesse.
- \* At barnet ditt skal møte vaksne som viser omsorg og som lyttar og ser.
- \* At barnet ditt møter vaksne som tar barn på alvor.
- \* At barnet ditt skal ha medverknad på eigen kvardag.
- \* At vi, så langt som råd, skal ta omsyn til barnet sitt individuelle behov.
- \* At du skal få tilbod om to foreldresamtalar i året og elles ved behov.
- \* At du blir invitert til minst eit foreldremøte i året.
- \* At du skal få informasjon om korleis barnet ditt har det i barnehagen.
- \* At du vil bli invitert til ulike arrangement i barnehagen.
- \* At alle tilsette har teieplikt (forvaltningslova §13)
- \* At nyttilsette og alle vikarar skal levere politiattest.
- \* At vi har opplysningsplikt til barnevernet.

## FOR AT VI SKAL HALDE DETTE:

- \* Må du gjere deg kjend med barnehagen sine vedtekter, planar, rutinar og reglar.
- \* Må du respektere barnehagen si opningstid.
- \* Må du sjå til at barnet ditt har klede og utstyr etter vær og årstid.
- \* Må du melde frå om barnet ditt er sjukt eller skal ha anna fråvær.
- \* Må du informere barnehagen om hendingar som påverkar barnet sin kvardag.
- \* Må du lese informasjon og planar de får utdelt, og oppslag på dør og tavler.
- \* Må du delta på foreldrearrangement og foreldresamtalar.



# Foreldrebetaling

Betaling barnehagane i Bygland, pr. mnd.	Frå 01.08.2024
3 dagar (inntil 27 timar pr. veke)	900 kr
4 dagar (28-36 timar pr. veke)	1 200 kr
5 dagar (over 37 timar pr. veke)	1 500 kr
Betaling ekstratimar	47 kr

I tillegg kjem matpengar:	Frå 01.08.2024
3 dagar pr. veke:	206 kr
4 dagar pr. veke:	271 kr
5 dagar pr. veke:	336 kr

I Bygland kommune er det 50% **søskenmoderasjon** for barn nummer to, for det tredje barnet og eventuelt fleire barn, har Stortinget vedteke gratis barnehageplass frå hausten 2023.

**I tillegg har Bygland kommune innført søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO, gjeldande frå 01.08.2024.** Vedtektene vert oppdatert i august der dette punktet er tatt med.

**Det er to nasjonale moderasjonsordningar for dei med låg inntekt:**

**- Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga:**

Ingen skal betale meir enn 6 % av husstanden si inntekt for barnehageplass.

**- Gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5- åringar:**

Alle 2-, 3-, 4- og 5- åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i eit hushald med låg inntekt har rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke.

**Inntektsgrensa for gratis kjernetid er kr 642 7000 frå 01.08.2024.**

Foreldre med inntekt som ligg under grensene, må sjølv søkje om reduksjon i foreldrebetalinga. Får ein godkjent reduksjon i foreldrebetalinga, gjeld den nye satsen frå den månaden søknaden er registrert motteken i kommunen

Søknad gjennom foreldreportalen i VismaFlyt barnehage: [Foresattportal Bygland](#)

Her finn du informasjon frå Bygland kommune: [Redusert foreldrebetaling](#)

Her finn du informasjon om foreldrebetalinga på Utdanningsdirektoratet: [Udir.no](#)





# Vedtekter for kommunale barnehagar i Bygland kommune

## § 1. Verkeområde

Vedtektene gjeld for kommunale barnehagar i Bygland kommune. Kommunen har to barnehagar, ein på Bygland og ein på Byglandsfjord. Begge barnehagane høyrer til kvart sitt oppvekstsenter.

## § 2. Føremål

Barnehagen sitt føremål er etter lov om barnehagar § 1: Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagar gir retningslinjer for innhald og oppgåver til barnehagen.

## § 3. Eigarskap og forvaltning

Bygland kommune er barnehageeigar og driv barnehagane etter lov om barnehagar, etter føresegner og retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet, samt kommunale vedtak og planar for barnehagane. Kommunen har tilsynsplikt når det gjeld å kontrollere at lov om barnehagar med forskrifter vert fylgt.

## § 4. Opptak

Bygland kommune er ein opptakskrin. Kommunedirektøren er opptaksmynde, og har vidare delegert dette til tenesteleiar. Dato for hovudopptak er 1. mars. Søknadsfrist vert annonsert på kommunens digitale plattformer. Søknad om opptak blir gjort i føresettportalen i Visma Flyt Barnehage. Det er mogleg å søkje på tre ulike alternativ: Tre, fire eller fem faste dagar i veka. Endringar i opphaldstid undervegs i året må skje via Visma. Føresette kan kjøpe ekstradagar dersom det er ledig kapasitet i barnehagane i høve til lovkrav om bemanning og areal. Det er mogleg å søkje om plass i barnehagen utanom hovudopptaket. Då vert det tildelt plass dersom eller når det er ledig plass i høve til grunnbemanning og pedagognorm. Startdato kjem fram i vedtaket som vert fatta i samband med opptaket. Barnehageplassen gjeld fram til sommarstenging det året barnet byrjar på skulen. Dersom barn får innvilga utsett skulestart, beheld barnet plassen i barnehagen utan ny søknad.



## § 5. Opptakskriterier i barnehage

Brukaren sine ønskjer og behov skal leggjast stor vekt ved opptaket, jf. lov om barnehagar § 17. Ein kan få tilbod om plass i ein annan barnehage i kommunen, dersom det ikkje er ledig plass der ein søker. Etter søknadsfristen tildelast det først plass til barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter lov om barnevernstenester (barnevernslova). Dette omfattar barn med rett til prioritet ved opptak etter lov om barnehagar § 18, sjølv om barnet ikkje har fylt eitt år innan utgangen av september. Deretter tildelast plass til barn med lovfesta rett til barnehageplass etter lov om barnehagar § 16:

- a) Barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter lov om barnevernstenestar.
- b) Barn frå familiar som har store belastningar på grunn av alvorleg og varig sjukdom, eller funksjonshemming hos føresette eller sysken. Dokumenterast med erklæring frå lege eller spesialist.
- c) Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn
- d) Barn med utsett skulestart
- e) Barn av einsleg forsørgjar
- f) Barn som har sysken i den ønska kommunale barnehagen. Barn som er busett utanfor Bygland kommune kan, dersom det ligg føre ein interkommunal avtale om dekke av utgifter til barnehageplass, tildelast plass for eit barnehageår av gonga etter at alle barn i Bygland kommune er tildelt plass og det er ledig kapasitet i høve bemanning og areal.

## § 6. Samarbeidsorgan

Barnehagen skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jamfør § 4 i lov om barnehagar. Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal arbeide for foreldra/føresette sine felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal:

- a) Velje representantar til samarbeidsutvalet
- b) Bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Samarbeidsutvalet er felles for barnehage og skule. Krav til representantar er i samsvar med lov om barnehagar og opplæringslova. Samarbeidsutvalet består av to representantar frå foreldrerådet i barnehagen, to representantar frå dei tilsette i barnehagen, to representantar frå foreldreutvalet på skulen, ein representant frå undervisningspersonalet, ein representant frå andre tilsette på skulen, to representantar frå elevane og to representantar frå kommunen. Tenesteleiar ved oppvekstsenteret er ein av kommunen sine representantar. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.



## § 7. Årsplan

Kvar barnehage utarbeider ein årsplan. Årsplanen vert fastsett av samarbeidsutvalet.

## § 8. Barnehagen si opningstid

Ordinær opningstid er frå kl. 07.15-16.30. Fem dagar i året er avsett til planlegging og kompetanseheving for personalet. Desse dagane har barnehagen stengt. Planleggingsdagane skal så langt som mogleg følge skulens ferie/planleggingsdagar. Barnehagen har sommarstengt i 3 veker.

## § 9. Oppseiing og endring

Plass i barnehagen kan seiast opp eller endrast av føresette med ein måned oppseiings-/endringstid rekna frå den datoen plassen vert sagt opp.

Dersom ein seier opp plassen etter 1. april må ein betale for plassen ut barnehageåret. Oppseiing og endring skjer i Visma Flyt Barnehage.

## § 10. Foreldrebetaling og moderasjonsordningar

Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetaling etter statlege reglar for makspris. Matpengar kjem i tillegg. Den årlege foreldrebetalinga fordelast over 11 månader. Juli måned er betalingsfri. Ferie utanom juli, gir ikkje fråtrekk i foreldrebetalinga.

Det vert gitt fråtrekk i foreldrebetalinga:

- a) Om barnet har sjukefråvær på fire samanhengande veker eller meir. Sjukefråværet må være dokumentert ved legeattest, og det må sendast skriftleg søknad til tenesteleiar om fråtrekk.
- b) Frå andre dag ved streik, eller uforskyldt avbrot frå kommunen si side.

Det vert gitt 50 % søskenmoderasjon innanfor barnehagen. Dette gjeld ikkje matpengar. Føresette kan søke om reduksjon i foreldrebetalinga og gratis kjernetid. Vilkåra for rett til reduksjon i foreldrebetalinga følgjer av «Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.» Føresette søkjer om redusert betaling i føresettportalen i Visma Flyt Barnehage. Vedtak om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid gjeld for eitt barnehageår av gonga. Manglande betaling fører til oppseiing av plassen. Dersom barnet ikkje blir henta innan stengetid (kl. 16.30), vert det fakturert eit tillegg på kr.150 per dag.

## § 11. Ansvar og forsikring

Kommunen har ansvar for barnet i den tida det oppheld seg i barnehagen. Dette omfattar også turar i regi av barnehagen. Alle barna er omfatta av ei kommunal kollektiv ulykkesforsikring. Kommunen har ikkje erstatningsplikt for barnas egedelar som blir tatt med i barnehagen.



## § 12. Areal

Leike- og opphaldsareal for barn i barnehagane i Bygland kommune er 6 kvadratmeter netto per barn, inne. Det er tal på barn som er til stades på same tid som avgjer krav om arealstorleik. Det fysiske miljøet i barnehagane skal tilfredsstillere kravet om universell utforming. Uteområdet skal vere om lag seks gonger større enn netto leike- og opphaldsareal inne. Bruksareal for Bygland barnehage er om lag 454 kvm. Uteområdet er på om lag 4000 kvm. Bruksareal for Byglandsfjord barnehage er om lag 550 kvm. Uteområdet er på om lag 3500 kvm.

## § 13. Bemanning

Barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Barnehagen skal ha ein assisterande tenesteleiar som har utdanning som barnehagelærer eller annan høgskuleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse. Barnehagen skal ha bemanning etter gjeldande lover og forskrifter. Bemanningsnorma er minimum ein vaksen per 3 barn når barna er under 3 år, og ein vaksen per 6 barn når barna er over 3 år. Pedagognorma er minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år, og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

## § 14. Teieplikt og opplysningsplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt i jf. forvaltningslova §13 .

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernet slik det er beskrevet i lov om barnehagar §§ 45 og 46.

## § 15. Politiattest

Alle som får fast eller mellombels tilsetning i barnehagen skal legge frem politiattest som nemnt i politiregisterloven § 39, første ledd, før ein kan starte i arbeidet. Andre personar som regelmessig oppheld seg i barnehagen eller har vesentleg innverknad på drifta i barnehagen, skal og levere politiattest, som nemnt i første ledd.

## § 16. Språk og kultur

Nynorsk skal, så langt det lar seg gjere, nyttast i song og litteratur i barnehagen.

Barnehagane skal også gjere barna kjende med lokale soger, og lokale tradisjonar innan mat, musikk og dans der det naturleg passar inn i årsplanen.

## § 17. Internkontroll

Barnehagane skal ha eit system for internkontroll jf. lov om barnehagar §9.

## § 18. Vedtekter og vedtak

I høve delegeringsreglementet i kommunen, vedtatt 6.5.2021, er det Levekårsutvalet som er beslutningsmynde når det gjeld vedtekter. **Vedtektene gjeld frå vedtaksdato: 14.11.2022**

«Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter»

Barnehageloven §2

Stortinget har i barnehagelova av 17.juni 2005 fastsett overordna føresegner om formålet til og innhaldet i barnehagen. Kunnskapsdepartementet har 24.april 2017 fastsett forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

I rammeplanen er det vedteke 7 fagområde; **Kommunikasjon, språk og tekst. Kropp, rørsle og helse. Kunst, kultur og kreativitet. Natur, miljø og teknologi. Mengd, rom og form. Etikk, religion og filosofi. Nærmiljø og samfunn.**

For kvart fagområde er det formulert mål for å fremme utviklinga og læringa til barna, samtidig vert det presisert personalansvaret.

Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt. Fagområda opptre sjeldan isolert. Fleire fagområde vil ofte vere representert samtidig i temaopplegg, kvardagsaktivitetar, og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel, leik og kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. Som døme kan språktrening gå føre seg i hallen eller på handletur på butikken, teljing og matematiske formar kan like gjerne gå føre seg på tur i skogen som inne på kjøkkenet eller i samlingsstund.

Barnehagane i kommunen er med i Nettverk Setesdal Barnehage.

Nettverk Setesdal Barnehage er eit samarbeid mellom kommunane Evje & Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Vi har hatt felles kurs og samarbeid om ulike prosjekt i mange år, mange av dei knytt til Rammeplan for barnehagar og fagområda.

Nytt barnehageåret 2018/2019 var felles årsplan-mal i Setesdal.

Målet med felles mal for årsplan i barnehagane er

- Å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet
- Å auke kvaliteten i barnehagane
- Styrke barnehagen som læringsarena
- Å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen

Årsplan med progresjonsplan gir informasjon om dei overordna måla i barnehagelova og tiltaka til barnehagen for å nå desse. Personalet i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Barnehagane utarbeider detaljerte planar som viser korleis barnehagen arbeider konkret med tiltaka som er fastsett i årsplanen.



## Bravo

Bravo-leiken er ein aktiv og utviklande leik med ord og bokstavar. Ord, bokstavar og bilete kombinert med sanseopplevingar skal betre barnets språklege bevisstheit og auke både ordforråd og forståing.

Bravo-leiken er ei investering i barnet si utvikling. Auka konsentrasjon, betre kommunikasjonsevne og betre språkutvikling er erfaringar prosjektet har med seg.

Vi i Byglandsfjord og Bygland barnehage har gjort Bravo-leiken til vår og er godt innarbeidd.

Har dykk lyst til å lese og sjå meir: gå inn på <http://www.bravoleken.no>

## Gorrlaus

I desember 2019 vart folkemusikk og dans i Setesdal (Bygland, Valle og Bykle kommune) innlemma i UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv. Immateriell kulturarv er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap overført mellom folk. I Setesdal er det utøving på hardingfele, munnharpe, gangardans, stev og stevjing.

### **Gorrlaus – eit opplæringsprosjekt i barnehagar og skular**

Gorrlaus er eit opplæringsprosjekt i folkemusikk og -dans for barnehagane og skulane i Bygland, Valle og Bykle kommune, med mål om å lære elevane om eigen kultur, gjere dei stolte av eigen identitet og kulturarv; at den oppveksande generasjonen kan danse setesdalsgangar, dikte i stevform, kan stevtonar, og har kjennskap til hardingfele- og munnharpetradisjonen i Setesdal.

Dei tilsette i barnehagane i Bygland fekk vinteren 2023 opplæring i song og dans retta mot barn i alderen 0-6 år. Det er vår oppgåve å bruke det aktivt i barnehagekvardagen.



## Visma flyt barnehage

Bygland kommune innførte Visma Flyt barnehage hausten 2022.

Det er eit heildigitalt barnehagesystem. Systemet har ein digital søknadsprosess, støtter barnehagen i sakshandsaming og er ei hjelp i planlegging og dokumentering av aktivitetar. Det er og enkelt å kommunisere med føresette gjennom ein app.

Når de lastar ned appen får de eit godt innblikk i barnehagekvardagen vår ved å lese dagboka, månadsplanar og beskjedar.

Info om appen her: <https://www.visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/>

## Barnehagen sin digitale praksis

Digitale verktøy er ein sjølvsgt del av det samfunnet vi lever i, og den framtida barna skal bli ein del av. For å støtte barna si utvikling, danning og læring må barnehagen spegle det samfunnet vi lever i. Sosiale media, mobiltelefonar, datamaskinar, nettbrett osv. er ein del av det norske samfunnet og difor også ein del av barna sitt liv. I forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver, står det at barna skal få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap.

Bruk av digitale verktøy i barnehagen skal støtte opp om barna sin læringsprosess og bidra til eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Digitale verktøy skal ikkje dominere som arbeidsmåte og personalet i barnehagen må utøve digital dømekraft og bidra til at barna utviklar ei etisk forståing knytt til digitale media.

Barnehagane har fleire arrangement i løpet av eit barnehageår. Vi vil at de som foreldre **ikkje tar bilete** under arrangement i barnehagen. Vi i barnehagen tar bilete og legg ut på VismaFlyt barnehage. Vi vil og at de tenker dykk godt om i tilfelle de tar skjermbilete av dagbok-bilete i VismaFlyt barnehage-appen og brukar det privat.



# Handlingsplan

## for eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø

«Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være betydningsfulle for fellesskapet og å være i positivt samspill med barn og voksne »

*Rammeplan for barnehagar*

Barn skal ha det trygt og godt i skule og barnehage. Det er dei vaksne sitt ansvar. Både som barn og vaksne er vi menneske avhengig av kvarandre for å kunne utvikle oss og trivast. Vi har behov for å bety noko, å bli høyrte, sett og høyre til. Alle ynskjer vi å høyre til i fellesskapet, og alle er vi redd for å hamne på utsida. Denne planen skal rettleie barnehagen og skulen i sitt arbeid med å lage eit trygt og godt miljø for alle.

I Rammeplanen for barnehagen vert danning knytt til barns erfaringar med deltaking i demokratiske fellesskap. Barn skal erfare, og sjølv vise samhald og solidaritet, samstundes som dei som einskildindivid skal bli sett og lytta til.

Det er særleg viktig at barnehagane og skulane har som mål å legge til rette for læringsprosessar som knyttar dannelsings- og utdanningsoppgavet saman.

Å gi barn og unge ein trygg og god oppvekst er ikkje eit samfunnsoppgave som barnehagane og skulane kan klare åleine. Det krev samarbeid mellom mange aktørar. «It takes a village to raise a child» er eit afrikansk ordtak. Foreldre, føresette, barnehage, skule, politikarar og lokalmiljø er alle del av den landsbyen og må vere med og stø opp om arbeidet om ein skal lukkast. Dannelseoppgavet er eit kollektivt ansvar. Gjennom haldningar, dialog, aktivitetar, planar og kommunale satsingar kan dei ulike partane bidra på ein positiv måte.

Vi vaksne må òg bli flinkare til å snakke *med*, og ikkje bare *til* barn og unge. Det er dei som har best kompetanse på korleis dei har det, og det er vårt ansvar å involvere dei.

Barnehagane i Bygland arbeider for barnehagar med glade og engasjerte barn som samarbeider, leiker og som «drar i same retning». Der har de som foreldre og eit ansvar som gode rollemodellar heime. De kan bidra til å fremje eit godt miljø i barnehagen ved å snakke positivt om barnehagen, personalet, dei andre barna og familiane deira.

Å førebyggje og stoppe mobbing er eit vaksenansvar og er viktig i samarbeidet heim-barnehage.

I 2022 vart det laga ny og felles handlingsplan mot mobbing: *Handlingsplan mot eit godt og inkluderande barnehage- og skulemiljø*.

De finn eit lite utdrag på neste side, heile planen ligg på heimesida til Bygland kommune.





### Bygland kommune sine overordna mål for eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø

- Alle barn i Bygland kommune skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø.
- Alle foreldre og føresette skal vere trygge på at barna har det godt, at uro blir tatt på alvor og at ein alltid styrer arbeidet med barnas beste som mål.
- Alle tilsette skal ha god og oppdatert kunnskap om kva som fremmar eit inkluderande fellesskap.
- Alle tilsette skal arbeide aktivt for å ha gode relasjonar til alle barn og elevar, til kollegaer og til føresette. Dei skal vere gode rollemodellar i ord og handling.
- Skulane og barnehagane i Bygland kommune skal gjennom sitt daglege arbeid ruste barna til å fungere godt i sosialt samspel med andre og hjelpe dei med å handtere vanskelege situasjonar som oppstår undervegs.

### Vi skal nå måla våre ved å:

- Kartlegge barn og unge si stemme og tillegge den stor vekt.
- Samarbeide med barn og føresette om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet i skule og barnehage.
- Reflektere over eigen praksis og lære av ny kunnskap, erfaringar og tilbakemeldingar. Justere praksis i tråd med ny kunnskap.
- Førebygge, avdekke og handsame krenkande ord og handlingar gjennom å ha ei felles forståing av omgrepa, og ved å ha ei trygg og tydeleg leiing.
- Sikre at alle som arbeider ved barnehagane og skulane veit korleis dei skal følgje med, gripe inn og varsle dersom dei får kjennskap til eller har mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt.

### Lovgrunnlag

- **Opplæringslova §9A**  
Også kalla elevanes arbeidsmiljølov. Kapittel 9A regulerer elevanes fysiske og psykososiale skulemiljø.
- **Barnehagelova kap.8**  
Det psykososialt barnehagemiljøet § 41-43



## Foreldreråd/samarbeidsutval

I foreldrerådet sit foreldre/føresette til alle barn i barnehagen. Foreldrerådet skal ivareta deira felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og foreldre skaper eit godt barnehagemiljø.

På foreldremøtet kvar haust vert det valt to representantar til samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet er pr. i dag felles for einingane, og er samansett av foreldre og tilsette i begge barnehagane, foreldre og tilsette frå begge skulane, ein politisk representant og tenesteleiar.

Barnehage/skule sin eigar, Bygland kommune, skal sørge for at saker som er viktige, vert lagt fram for samarbeidsutval og foreldreråd.

## Psykososialt ressursteam

Bygland kommune har starta opp eit tverrfagleg team: **psykososialt ressursteam**. Dette er eit team som består av representantar frå fleire faginstansar innan oppvekst. Psykososialt ressursteam skal vere ein stad der føresette og/eller lærarar i skule og barnehage kan drøfte bekymring for eit barn.

Formålet med teamet er å sikre kvalitet i arbeidet med det psykososiale arbeidet i skule og barnehage ved å utnytte den samla faglege kunnskapen i kommunen best mogleg. Det kan ofte vere vanskeleg å stå aleine med ei bekymring, og i ressursteamet kan ein få hjelp til å sjå saka gjennom ulike «fagbriller» og kome fram til avhjelpande tiltak. Teamet har sjølvsgt teieplikt, og kan ikkje drøfte ei bekymring utan samtykke frå føresette.

Teamet sine faste medlemmer er helsesjukepleiar, PPT, barnevern, spes.ped-koordinator og Tenesteleiar. Elles medlemmer etter behov og sak. Ressursteamet har møter etter behov på Bygland og Byglandsfjord.

Psykososialt ressursteam er ein del av Bygland kommune sitt arbeid med Oppvekstreformen, der fokuset er å bygge laget rundt barnet.



# Foreldreundersøking

Foreldreundersøkinga er digital og nasjonal på Udir.no

Å svare på foreldreundersøkinga er ein av dei måtane de som føresette kan medverke på.

I foreldreundersøkinga får foreldre og føresette sei si meining om barnehagetilbodet, barna sin trivsel og samarbeidet mellom heim og barnehage.

Vi ynskjer at dykk tek dykk tid å svare kvart år og på den måten hjelper oss til å bli betre.

Når resultatata har kome, vert dei teke opp på personalmøte i barnehagen.

Her drøftar vi resultatet og vurderer kva for tiltak vi skal sette i gang dersom de har signalisera at vi må forbetre oss. Noko kan vi endre på fort, andre ting tar vi med oss som refleksjon over eigen praksis og kan endre på sikt.

Det er ikkje alle ting vi kan gjere noko med, vi ser nok av og til ting på ein litt anna måte og har pedagogiske og praktiske grunnar for kvifor vi gjer slik vi gjer.

Vi håper på flest mogleg tilbakemeldingar, slik at vi får eit mest mogleg rett bilete av korleis de som brukarar opplever Barnehagane i Bygland.

## Pedagogisk dokumentasjon og vurdering

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der det skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Årsplanen med vedlegg som du har i handa trekkjer opp ein del hovudliner for mål og innhald i barnehagen og det er Rammeplanen og lov om barnehagar som ligg i botnen. Personalet brukar årsplanen som eit arbeidsreiskap i den vidare planlegginga. I denne planlegginga ligg og kunnskapen vi har om barn si utvikling og læring, individuelt og i gruppe. Det er ei kontinuerleg utvikling av arbeidet i barnehagen. Det er eit resultat av refleksjon og vurdering av eigen praksis på avdelingsmøte og personalmøte, dokumentasjon, fagleg utvikling og medverknad frå barn og foreldre.

Eit av måla med pedagogisk dokumentasjon er å synleggjere det arbeidet vi gjer saman med barna slik at de som foreldre får eit innblikk i barnehagekvardagen.

Til dette brukar vi blant anna bilete og dagbok-publiseringar i Visma Flyt barnehage-appen, månadsplanar og utviklingssamtalar.

Trivselen og utviklinga til barnegruppa og til det enkelte barnet vert observert og vurdert heile tida. Merksemda må rettast både mot samspelet barna i mellom, mellom barna og personalet og mellom dei tilsette i barnehagen.

Gjennom vurdering fornyar og forbetrar vi praksisen vår og gjennom observasjonar og refleksjonar gjer vi barnehagekvardagen betre.



# Verktøy i arbeid med planlegging, vurdering og dokumentasjon

verktøy	formål	korleis	ansvar
<b>Lov om barnehagar med forskrifter</b>	Lovpålagte oppgaver	Ligg til grunn for drifta; barnehagen sitt formål og innhald, kvar dag	Alle, men kommunalsjef/styrrar har hovudansvar for at barnehagen vert drifta ut frå loven.
<b>Rammeplan for barnehagen</b>	Retningsliner for innhaldet i barnehagen og kva for oppgaver personalet har.	Ligg til grunn for det pedagogiske innhaldet i barnehagen, slik som fagområda, medverknad, likestilling, kvar dag	Alle, men styrrar har hovudansvar for det pedagogiske innhaldet.
<b>Årsplan</b>	Årsplanen skal spegle det pedagogiske innhaldet til Bygland barnehage og gje innsikt i dagleg drift og verdiforankring.	Årsplanen vert utarbeida i personalgruppa og godkjend i SU	Alle, men styrrar har hovudansvar for det pedagogiske innhaldet.
<b>Handlingsplan mot mobbing</b>	Skal fremme positive haldningar som motverkar mobbing	Samlingar der venskap er tema. Skal ligge til grunn for haldningar og verdiar gjennom heile barnehagedagen	Alle
<b>Månadsplan</b>	Informasjon i forkant om kva vi held på med og kva som skal skje.	I starten av kvar månad. Vert laga med tanke på mål i årsplanen, årstid og naturlege tema, innspel og medverknad frå barna.	Pedagogisk leiar på kvar avdeling, i samarbeid med resten av personalet på avdelinga.
<b>Informasjon om dagen i dag</b>	Å fortelje litt om dagen til <i>ditt</i> barn, hendingar og episodar	Munnleg i garderoben, eventuelt dagbok i VismaFlyt barnehage. Kvar dag, i garderoben ved henting.	Alle, men særleg seinvakta på avdelinga



<b>Minnebok</b>	Dokumentere kvart enkelt barn sin barnehagekvardag.	Ein perm til kvar med bilete, tekst og teikningar. Barna får desse med seg heim når dei sluttar i barnehagen	Pedagogisk leiar
<b>TRAS - tidleg registrering av språk.</b>	Observasjon og dokumentasjon av barnas utvikling og læring i forhold til språk og samspel.	Observere barna i lek og i tilrettelagte aktivitetar. Kun ved behov.	Pedagogisk leiar
<b>ALLE MED!</b>	Observasjon og dokumentasjon av barnas trivsel og utvikling	Observere barna i lek og i tilrettelagte aktivitetar. Kun ved behov.	Pedagogisk leiar



# Når bør barnehagebarn vere heime?

**Faglege råd henta frå folkehelseinstituttet, oppdatert 10.01.2024**

For meir informasjon om dette og andre sjukdommar, sjå <https://www.fhi.no>

**Alt er frå folkehelseinstituttet sine anbefalinger:**

## «Når må barnet være hjemme fra barnehagen?

### Informasjon til foreldre og barnehagepersonell

Barn som går i barnehage er mer utsatt for infeksjoner enn andre barn. Vanligvis avgjør barnets allmenntilstand om det bør være hjemme fra barnehagen i en periode, men for enkelte sykdommer kan det være nødvendig å bli hjemme utover dette for å hindre spredning av smitte til andre. Forkjølelse, halsbetennelse og ørebetennelse er nesten dobbelt så vanlige hos barnehagebarn sammenliknet med barn som ikke går i barnehage. Mage/tarm-infeksjoner er opp til tre ganger så vanlig hos barnehagebarn. I tillegg oppstår det stadig vekk utbrudd i barnehager av blant annet hodelus, brennkopper og ulike utslettsykdommer.

Spredning av smitte i barnehager skjer hovedsakelig gjennom direkte eller indirekte kontakt mellom barna: [barnehage: forebygging av smittsomme sykdommer](#)

## Når er det ikke behov for å holde barna hjemme fra barnehagen?

Ved påvisning av enkelte sykdommer er det ikke hensiktsmessig å holde barn hjemme fra barnehagen. Det kan være fordi sykdommen i stor grad smitter før symptomer oppstår, fordi smitterisikoen er svært liten når barnet er blitt frisk, eller fordi tilstanden er så vanlig/lite alvorlig at det ikke berettiger å holde barnet hjemme.

Eksempler på slike sykdommer er den femte barnesykdom, munnsår, vorter og hånd-fot-munnsyke,

## Når skal barna være hjemme fra barnehagen?

Erfaringer viser at strenge regler for å holde syke barn ute fra barnehagen har begrenset effekt på spredningen av smitte. Det kan blant annet skyldes at sykdommer er smittsomme før tegnene på sykdom vises. Likevel bør syke barn i mange tilfeller holdes hjemme en periode for å hindre spredning av smitte til andre barn.

Ved smittsom sykdom vil barnets allmenntilstand ofte gjøre det nødvendig at barnet bør være hjemme. Vurdering av barnets allmenntilstand må alltid baseres på foreldres skjønn. Som hovedregel bør barnet være friskt nok til å kunne delta i normale aktiviteter i barnehagen, og barnet er feberfri. Ved mange sykdommer kan det være vanskelig å angi en nøyaktig tidsperiode for når barnet kan vende tilbake til barnehagen. Dette gjelder for eksempel ved brennkopper. I slike tilfeller må det gjøres et skjønn av behandlende lege eller



av foreldrene. Oversikten under dekker de vanligste symptomer og sykdommer som kan forekomme hos barn som går i barnehage eller de lavere klassetrinn i skolen.

### **Brennkopper**

Barn med brennkopper kan vende tilbake til barnehagen når sårene er under kontroll, Grunnlaget for skjønnet her må være at det ikke lenger er fare for at smitteførende sårsekret kan påføres andre barnehagebarn direkte eller indirekte gjennom kontaktpunkter.

[Brennkopper](#) (Helsenorge.no)

### **Diaré med eller uten brekninger**

Barn med diaré kan vende tilbake til barnehagen to døgn etter at de har blitt symptomfrie. Dette gjelder også bleiebarn. Barn som til vanlig har en tendens til løs avføring trenger ikke holdes borte fra barnehagen. Det må være foreldrene som avgjør om barnet har en unormal diarétilstand.

Ved diarétilstander hvor man mistenker smitte gjennom matvarer (for eksempel etter utenlandsreise) bør barnet undersøkes av lege og det bør sjekkes om andre barn i barnehagen har symptomer.

[Diaré hos små barn](#) (Helsenorge.no)

### **E.coli-infeksjon (EHEC)**

Barn som har fått påvist E.coli-infeksjonen (EHEC), som er assosiert med nyreaffeksjon, kan gå tilbake i barnehagen når barnet er klinisk friskt og har tre negative kontrollprøver tatt med 24-timers mellomrom. Første kontrollprøve tas tidligst to-tre dager etter symptomfrihet.

Barn som har fått påvist andre typer EHEC enn HUS-assosiert EHEC, kan gå tilbake til barnehagen 48 timer etter at barnet ikke lenger har diaré og oppkast.

### **Feber**

Barns normale kroppstemperatur kan variere. Mer enn 38° C målt i endetarmen er forhøyet temperatur. Barn med feber bør først og fremst av hensyn til seg selv holdes hjemme til barnet er feberfri. I noen sammenhenger kan det være ønskelig av smittevernhensyn.

### **Hodelus**

Hvis det oppdages hodelus på barn i barnehagen, er det ikke nødvendig å sende barnet hjem. Når barnet kommer hjem, skal første del av behandlingen helst gjennomføres samme kveld/natt. Barnet kan gå i barnehagen som normalt. Barnehage og vennekrets bør informeres om at barnet har hodelus, slik at vennekretsen kan sjekkes for lus og barnet unngå gjensmitte.

[Hodelus](#) - informasjon om hodelus



### **Influensalignende symptomer**

Barnet kan gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilsier det, selv om det fortsatt har noen restsymptomer. Ved influensapandemi kan det være aktuelt å holde barnet hjemme lengre.

### **Kikhoste**

Ved behandling tidlig i sykdomsforløpet blir barnet vanligvis smittefri fem dager etter igangsatt behandling, og barnet bør derfor holdes hjemme fra barnehagen i denne perioden. Senere i sykdomsforløpet vil smittsomheten være betydelig mindre, og barn kan derfor gå i barnehage dagen etter igangsatt behandling, eller der det er vurdert at det er for sent å igangsette behandling.

[Kikhoste](https://www.helsenorge.no) (Helsenorge.no)

### **Kusma**

Uvaksinerte barn med sikker diagnose kan vende tilbake til barnehagen ni dager etter at hevelsen inntreffer. Dersom alle de andre barna er vaksinert, avgjør allmenntilstanden når barnet kan gå tilbake til barnehagen.

### **Mark (barnemark) / spolmark**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen dagen etter igangsatt behandling.

### **Meslinger**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen tidligst fire dager etter opptreden av utslett dersom allmenntilstanden ellers er god.

### **Norovirus-infeksjon**

Norovirus er en vanlig årsak til omgangssyke. Smitterisikoen er størst mens man har symptomer med oppkast og/eller diaré, og barn bør holdes hjemme i denne perioden. Man bør vente 48 timer etter at barnet ikke lenger har diaré og/eller oppkast før det kan gå tilbake til i barnehagen.

### **Ringorm**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen dagen etter at behandling er igangsatt.

### **RS, korona og andre luftveisinfeksjoner**

Forkjølelse er den vanligste infeksjonen hos barn. Barnet kan gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilsier det. Det betyr at barn med noe restsymptomer etter gjennomgått forkjølelse, som rennende nese/snørr eller hoste, kan komme tilbake til barnehagen når barnet ellers er tilbake i sin vanlige form.

Ved hoste uten feber kan barnet gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilsier det. Ved langvarig eller kraftig hoste bør barnet undersøkes for blant annet kikhoste.

[Forkjølelse](https://www.helsenorge.no) (Helsenorge.no)

[Barn i barnehage- eller barneskolealder med nyoppståtte luftveissymptomer](#) (flytskjema)

[Råd til foreldre for å minske smitterisikoen ved RS-virus](#) (plakat)





## [Råd til publikum om antibiotikabruk](#) - ved infeksjoner hos barn

### **Røde hunder**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen minimum 5 dager etter utbrudd av utslett. Hvis barnet er vaksinert er det lite sannsynlig at utslettsykdommen er røde hunder. Røde hunder er svært sjelden i Norge.

### **Skabb**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen dagen etter at behandling er igangsatt.

### **Smittsom hjernehinnebetennelse (meningokokksykdom)**

Barnet kan vende tilbake barnehage/skole når sykdommen er over. Dette gjelder også søsken eller andre nærkontakter av et barn med meningokokksykdom som har mottatt bærerskapsutrydning med antibiotika.

[Fakta om smittsom hjernehinnebetennelse \(meningokokksykdom\)](#)

### **Vannkopper (varicella)**

Barnet kan vende tilbake til barnehagen når utslettet har begynt å tørke inn.

### **Ørebetennelse**

Barnet kan gå tilbake til barnehagen når allmenntilstanden tilsier det.

[Råd til publikum om antibiotikabruk](#) - ved ørebetennelse og andre infeksjoner

[Ørebetennelse hos barn](#) (Helsenorge.no)

### **Øyekatarr (konjunktivitt)**

Det er ikke grunnlag for å anbefale at barnehagebarn med mild til moderat øyekatarr holdes hjemme. Ved kraftig øyekatarr med rikelig pussdannelse bør barnet holdes hjemme inntil pussdannelsen har avtatt. Dette er på grunn av risikoen for å smitte andre barn. Ved kraftig øyekatarr vil det vanligvis være behov for legekontakt, og barnets allmenntilstand vil også i stor grad styre behovet for å være hjemme fra barnehagen.

[Øyekatarr](#) (Helsenorge.no)»

### **Loverk og veiledere:**

**Kommunehelsetjenesteloven** (§ 4a-1) inneholder bestemmelser som beskriver kommunens plikter knyttet til smittevern i skoler og barnehager. Iflg. "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." (1995) skal virksomheten planlegges og drives slik at risikoen for spredning av smittsomme sykdommer blir så liten som praktisk mulig.

**Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler** (Statens helsetilsyn) gir kommunen og barnehagen konkrete råd, og peker på at smittevern er knyttet til internkontrollordningen. Smittevern i barnehager henger nøye sammen med generelle hygieneråd, rengjøringsrutiner og rutiner for mat i barnehagen.

**Smittevernplan for Bygland kommune**, plan for helsemessig og sosial beredskap, revidert 27.05.20



# Plan for overgang barnehage – skule

## Lovheimel:

**Barnehagelova §2a:** Plikt til å samarbeide med skulen om overgangen frå barnehagen til skulen.

**Opplæringslova §13-5:** Plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skulen.

**Barnekonvensjonen artikkel 3:** Omsynet til barnets beste.

**Barnekonvensjonen artikkel 12:** Barnets rett til medverknad.

Både barnehage og skule er arenaer for leik og læring og har til felles at dei skal arbeide for likeverd og kvalitet i omsorg og opplæring. Samtidig har barnehagen og skulen delvis ulike mandat og ulik læringskultur. Ein god samanheng mellom barnehage og skule er å legge til rette for eit utdanningsløp som ivaretek det einskilde barnet. Det handlar både om at barnas utvikling- og læringspotensial blir ivaretatt, at dei får støtte på eit tidleg tidspunkt, og at barna opplever samanheng og meistring ved at dei kan bygge vidare på kunnskapar og erfaringar frå barnehagen inn i skule og SFO. Barn og føresette skal føle seg trygge på at både barnehage og skule gjer sitt beste for å skape kontinuitet og samanheng.

Overgangen frå barnehage til skule er ein samanhengande prosess frå siste året i barnehagen til første året på skule. Barns medverknad og deltaking i dette arbeidet er særskild viktig. For å oppnå ein meningsfull samanheng mellom barnehage og skule er det også behov for at einingane har god kunnskap om kvarandre. Barnehagane og skulane må ha tett samarbeid og dialog om overgangen, og kva dei forventar av kvarandre. Barnehagane er dei som kjenner barna (dei som har gått i barnehage). Det vil difor vere nyttig for skulane å ha dialog med barnehagane både før- og i etterkant av overgangen.

Planen er utarbeida i samarbeid med representantar frå skule og barnehage. Sentralt i planen er årshjulet som skildrar aktivitetane i overgangen mellom barnehage og skule. Aktivitetane er tiltak som i særleg grad bidreg til ein god skulestart og eit godt fyrste skuleår. Planen er ein del av arbeidet med eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø.



<b>Førskulebarna</b>				
<b>Når</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Formål</b>	<b>Kvar</b>	<b>Ansvar</b>
<b>August</b>	Samtale med førskulegruppa om kva for forventningar dei har.	Sikre medverknad og barns rett til å bli høyrd.	I kvar barnehage.	Ped.leiar
<b>September</b>	Foreldremøte	Sikre medverknad. Skape grunnlag for eit godt samarbeid.	I kvar barnehage.	Styrar og ped.leiar
	1.klasse besøker førskulebarna i barnehagen.	Bygge forventning og hjelpe barnet til å glede seg til skulen. Skape tryggleik.	I kvar barnehage.	Kontaktlærer 1. klasse og ped.leiar.
<b>Jan.- juni</b>	Bli kjent på skulen, symjebasseng (kun Bygland) SFO, hall, på tur leikeplass o.l Felles aktivitetar med 1.og 2.klasse.	Skape tryggleik og forventning.	På skulen, og skulen sitt nærrområde.	Ped.leiar og kontaktlærer i 1. klasse.
	Øve på ferdigheiter som er nyttige på skulen.	Bli best mogleg førebudd for skulen.	I kvar barnehagen.	Ped.leiar.
<b>Mai</b>	Førskuledag og skuleinnskriving.	Skape tryggleik, motivasjon og forventning hos barn og føresette.	På kvar skule.	Rektor og kontaktlærer
<b>Mai-juni</b>	Felles tur for dei to førskulegruppene	Skape ein felles kultur. Samhald.	Mineralparken	Ped.leiar i begge barnehagane
	Tur med skulen	Skape samhald og tryggleik.	Skulen finn turplass	Ped.leiar og kontaktlærarar
	Overføringsmøte mellom ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse.	Lære av kvarandre. Sikre god overgang gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling. Sikre samanheng i språkutviklingsarbeidet.		Ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse + spes.ped.koordinator, PPT, leiar på SFO, styrar og rektor



1.klasse				
Når	Aktivitet	Formål	Kvar	Ansvar
August	Foreldremøte. Drøfte forventningar.  Få i gong foreldreorganiserte aktivitetar på fritida?	Trygge foreldra i høve overgangen.	På kvar skule	Styrrar + kontaktlærar i 1.klasse
August September	Bruke overgangskoffert?	Samanheng og tryggleik ved å sjå att bøker og leiker frå barnehagen	På kvar skule	Ped.leiar og kontaktlærar i 1.klasse
September	Besøke førskulebarna i barnehagen	Tryggleik og mjuk overgang. Kontinuitet og samanheng	I kvar barnehage	Ped.leiar og kontaktlærar i 1.klasse
Jan.-juni	Aktivitetar saman med førskulegruppa.	Bli kjend med førskulebarna.		Ped.leiar og kontaktlærar i 1. klasse
Mars	Utviklingssamtale. Evaluering av 1.klasse året med føresette og elevar. Kva har vore bra, kva kan ein gjere betre/annleis?	Sikre barn og føresette sin rett til å bli høyrd. Kvalitetsutvikling gjennom evaluering og refleksjon.	På kvar skule	Kontaktlærar i 1.klasse
Mai	Overføringsmøte+ erfaringsdeling	Lære av kvarandre. Sikre god overgang gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling. Sikre samanheng i språkutviklingsarbeidet.		Ped.leiar og kontaktlærar i 1.klasse + spes.ped.koordinator, PPT, leiar på SFO, styrrar og rektor
Før haustferien	Oppfølgingsmøte	Sikre god overgang gjennom kunnskaps-og erfaringsdeling.		Ped.leiar og kontaktlærar i 1.klasse

**Dette er ein overordna plan med forslag til ulike aktivitetar.**

**Planen vert revidert barnehageåret 2024/2025**